


5 bryg

Rekordno mod. 11
Svunde.

Engh. TV-skedel.



og det vil seie eit pendelur innbygd i ei klokke-
kasse som sto på golvet, vart ofte denne
klokka sett ved sida av stuguskåpet. På stutt-
veggen sto langbordet med ein fast benk mot
veggen på langsida, og likeins ein fast benk
på tverrenden ved sida av klokka. Dette var
høgsetet, den faste plassen til husbonden. I
hjørnet bak høgsetet var det ofte eit hjørne-
skåp på veggen. I det andre hjørnet sto senga
til husbondsfolket. I hjørnet midt mot
inngangsdøra var peisen. I Gudbrandsdalen

var det oftast ein hjørnepeis laga av skorne
klebersteinsblokkar og med ei peisstong i
smijern.

På stuttveggen midt mot langbordet var
dørene inn til dei to klevaromma. Ofte var det
innbygd eit fast skåp i veggen mellom kleva-
rommet og stugu. Og mellom klevadørene
hang bostkastet med pyntehandklede under.

Innreiinga i 1700-talshuset skilde seg på
fleire måtar frå innreiinga i årestua. For det
første var innbuet plassert på ein annan måte.

Skjema for det
typiske Gudbrands-
dals-skåpet på
1700-talet.

(Teikna av Johan
Meyer etter Skjåk-
Ola-skåp, nå på
Kunstindustri-
museet i Oslo.)

1744-1822